

ETISKE RETNINGSLINJER FOR LEVERANDØRAR

1. Generelt

Sygnir AS ynskjer å bidra til eit berekraftig og ansvarleg næringsliv og anerkjenner i denne samband viktigheita av å handle i tråd med grunnleggjande arbeids- og menneskerettar både internt, overfor leverandørar og andre forretningspartnarar.

Sygnir har forplikta seg til å handle i tråd med internasjonalt anerkjende og grunnleggjande menneskerettar som følgjer av FN konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, FN konvensjonen om sivile og politiske rettar og ILO sine kjernekonvensjonar om grunnleggjande rettar og prinsipp i arbeidslivet.

Sygnir har vidare forplikta seg til å etterleva FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar og OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap på dette området.

Sygnir forventar at Sygnir sine leverandørar og forretningspartnarar gjer det same.

Sygnir sine leverandørar og forretningspartnarar skal opptre i samsvar med desse etiske retningslinjene og forpliktar seg til å stille tilsvarende krav i eigen leverandørkjede.

2. Gjeldande regelverk

Sygnir sine leverandørar skal til ein kvar tid etterleve gjeldande regelverk. Leverandøren og leverandøren sine underleverandørar skal i utgangspunktet følgje sine respektive land si lovgjeving med mindre Sygnir spesifikt har instruert om at annan lovgjeving skal etterlevast. I dei høva kor det er motstrid mellom gjeldande regelverk og desse etiske retningslinjene, skal det strengaste regelverket gjelde.

Leverandøren skal umiddelbart varsle Sygnir om moglege interessekonfliktar.

3. Helse og tryggleik

For Sygnir er tryggleik og helse viktigast og alle leverandørar skal sørge for at dette vert forsvarleg ivaretake.

Naudsynte tiltak skal verksetjast for å forhindre og minimere ulukker og helseskadar som resultat av, eller relatert til, høve på arbeidsstaden eller i samband med utøving av arbeidet.

Sygnir sine prinsipp og retningslinjer for tryggleiksstyring skal følgjast av leverandørar som arbeider på Sygnir sine lokasjonar. Leverandørar som utfører arbeid på Sygnir sine lokasjonar skal ha naudsynt tryggleiksopplæring før utføringa tek til.

4. Menneskerettar og anstendige arbeidshøve

Sygnir respekterer og vil bidra til å fremme internasjonalt anerkjende menneskerettar og anstendige arbeidshøve i eiga verksemd så vel som i selskapet si verdikjede. Sygnir sine leverandørar skal overhalde internasjonalt anerkjente konvensjonar om vern av menneskerettar og anstendige arbeidshøve, her under FN sine grunnleggjande menneskerettar og International Labor Organization (ILO) sine kjernekonvensjonar.

Leverandørar skal vidare etterleve FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar og OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap på dette området. Leverandøren skal ved behov gjennomføre aktsemdsvurderingar for å kartlegge, forebygge, gjere greie for og følgje opp korleis leverandøren handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar av eigen verksemd på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidshøve i den grad dette er hensiktsmessig eller påkrevd.

5. Anti-korrupsjon

Sygnir har nulltoleranse for korrupsjon inkludert såkalla smørjings-/tilretteleggingspengar. Alle transaksjonar med og på vegne av Sygnir skal vere avtalefesta, lovlege og av normal forretningsmessig art.

Tilsette i Sygnir skal aldri bli tilbode eller gitt bestikkingar, gåver, ytingar, tenester eller andre gode og heller aldri krevje, tilby eller gi dette sjølve for å oppnå ein utilbørleg fordel. Det same gjeld leverandøren, her omfatta når leverandøren opptrer på vegne av Sygnir.

Leverandøren kan ikkje ta imot eller akseptere nokon betaling eller annan verdi eller fordel frå nokon tredjepart med omsyn til utføringa av sine respektive plikter for Sygnir.

Gåver, ytingar eller representasjonstilbod som kan påverke mottakaren sin integritet, skal ein som hovudregel ikkje gje tilbod om eller akseptere. Lunsj, middag og annan bevertning er akseptabelt i den grad det følgjer av normal forretningsdrift og ikkje er av beløp eller omfang som framstår som upassande.

Ordinære gåver i samband med bursdagar eller spesielle høve omfattast ikkje.

6. Rettferdig konkurranse

Leverandøren skal handle på ein rettferdig og etisk forsvarleg måte innanfor rammene av gjeldande konkurranselovgeving (til dømes ikkje delta i ulovleg prissamarbeid).

7. Konfidensialitet

Leverandøren skal verne Sygnir sin konfidensielle informasjon og eigedom. Leverandøren må gjennomføre tiltak for å gje tilstrekkeleg vern for denne informasjonen.

8. Informasjon og dokumentasjon

På førespurnad skal Leverandøren gi Sygnir informasjon om leverandøren generelt og leveransen spesielt, her omfatta finansiell,

driftsmessig og teknisk informasjon. Leverandøren er også forplikta til å informere om prosessar og tiltak planlagt og / eller gjennomført i høve vern av menneskerettar og anstendige arbeidshøve.

Leverandøren sin forretningsinformasjon skal formidlast presist og reflektere dei faktiske høva. All regnskapsinformasjon og informasjon som omfattast av rapporteringsplikt må presenterast i samsvar med lover og forskrifter, inkludert relevante standardar. Leverandøren pliktar å gi Sygnir tilgang til informasjon og dokumentasjon innan dei fristar som Sygnir fastset slik at Sygnir på si side kan oppfylle sine rettslege forpliktingar.

9. Inspeksjon

Sygnir har rett til å inspisere leverandøren sine lokasjonar, intervjuje tilsette og kontrollere leverandøren sin dokumentasjon innanfor rammene av gjeldande regelverk, her også inkludert omsynet til blant anna personvern.

10. Etterleving

Som leverandør til Sygnir forpliktar leverandøren seg til å etterleve desse etiske retningslinjene og innarbeide tilsvarande i leverandøren sin eigen leverandørkjede.

Leverandøren anerkjenner at dei etiske retningslinjene kan påverke leverandørforholdet. Dersom avvik frå desse retningslinjene oppstår, forventar Sygnir at leverandøren set i verk tiltak for å utbetre forholda. Ved grove eller gjentekne brot har Sygnir rett til å avslutte samarbeidet med leverandøren.

Sygnir oppfordrar leverandørar og forretningspartnarar til å varsle ved mistanke om kritikkverdige høve i Sygnir si verksemd.